

Saksprotokoll i Plan- miljø og ressursutvalet - 29.11.2011

Handsaming:

Plan- miljø og ressursutvalet sluttar seg samrøystes til rådmannen si innstilling.

Vedtak:

Bygland kommune sluttar seg til framlegg til heieplan med følgjande merknader:

- 1): Det må gjevast klar opning i tekstdelen til Heieplanen for at fjellgardar og gamle støylsområde innan NVO kan brukast og utviklast inn i framtida. I Bygland kommune vil dette vere aktuelt for område som t.d. Ånebjør og delar av Lognedalen, samt Vestre Kile og Bleili aust for Hovatn.
- 2): I kommuneplanen for Bygland kommune går det fram at ressursane i natur- og verneområda skal kunne utnyttast til beste for innbyggjarane, og kommunen vil via framtidig planarbeid legge til rette for ei berekraftig forvaltning med vekt på behovet for positiv utvikling av lokalsamfunnet.



Saksframlegg

Utv.saknr	Utval	Møtedato
	Plan- miljø og ressursutvalet	29.11.2011

Høringsuttale til regionalplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

Rådmannen si innstilling:

Bygland kommune sluttar seg til framlegg til heieplan med følgjande merknader:

- 1): Det må gjevast klar opning i tekstdelen til Heieplanen for at fjellgardar og gamle støylsområde innan NVO kan brukast og utviklast inn i framtida. I Bygland kommune vil dette vere aktuelt for område som t.d. Ånebjør og delar av Lognedalen, samt Vestre Kile og Bleili aust for Hovatn.
- 2): I kommuneplanen for Bygland kommune går det fram at ressursane i natur- og verneområda skal kunne utnyttast til beste for innbyggjarane, og kommunen vil via framtidig planarbeid legge til rette for ei berekraftig forvaltning med vekt på behovet for positiv utvikling av lokalsamfunnet.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Kommunane i Setesdal har samarbeidd om felles innspel til planprosessen, med framlegg til ei forenkla 2-sonedeling for bygdeutvikling og villreininteresser.

I Setesdal er Bykle kommune mest berørt av Heieplanen, og kompleksiteten minkar etter kvart som ein kjem sørover til Bygland. I høve planprosessen i Setesdal, har Bykle kommune vore ei fagleg drivkraft i dialogen med fylkesmannen og berørte statlege fagmyndigheiter. Inn mot villreinområda har det blitt utarbeidd sti - og løypeplanar der menneskeleg ferdsle vert regulert.

I Bygland syner planframlegget ein rein 2-sone modell, og det er ikkje arbeid med sti - og løypeplanar. Sonegrensene i plankartet for Bygland er sett i dialogmøte mellom kommunen v/ordføraren og miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen i Aust-Agder. Planarbeidet har hatt som siktemål å sikre villreinen sine interesser, samstundes som det skal gjevast opning og moglegheiter for bruk av heieområda til beste for ei positiv utvikling i lokalsamfunnet.

Bakgrunn for saka, vurderingar og konsekvensar

Det har over ca. 2 år vore arbeidd med ein regionalplan, kalla Heieplanen, som omfattar areal på både aust og vestheia i Bygland. I alt er 18 kommunar med i prosessen.

Hovudføremålet med planen er å fastsetje grensene for nasjonalt villreinområde. Dette vart initiert gjennom rapporten Villrein og Samfunn.

Planprosessen kom uheldig ut frå starten, då Miljøverndepartementet gav Norsk Villreinsenter Sør i oppgåve å lage eit kart over villreinen sitt potensielle leveområde. Dette vart eit kart som mange kommunar ikkje kjende seg att i.

I det såkalla 'villreinkartet' vart det ikkje tatt nemneverdig omsyn til innspel frå kommunane, og det breidde seg ei oppfatning av at lokal kunnskap om heieområda vart overkøyr. I Bygland var det fleire opne møte i løpet av prosessen i høve presentasjon av planprogram og planutkast. Grunneigarane møtte talrikt fram og protesterte på planarbeidet. Referat frå møta er fortløpande sendt til sekretariatet.

Setesdals - kommunane gjekk saman om eit felles innspel i planprosessen, med framlegg om forenkling av plansystemet til 2 soner – der villreinen skal ha forrang i den ytre sona, medan omsyn til lokal utvikling har tyngst vekt i den heimre sona for bygdeutvikling.

I dialog mellom kommunane og fylkesmannen vart det etter ei tid semje om å legge tilside villreinkartet som styrande premiss for planarbeidet. Villreinkartet er eit fagleg innspel til planprosessen, og syner det potensielle biologiske leveområdet for villrein - utan omsyn til menneskeleg aktivitet og busetnad.

I framlegget til Heieplan har dei viktigaste villreininteressene blitt vekta mot omsynet til lokal utvikling. Bygland kommune har i 2011 stadfesta ny kommuneplan, der omsynet til villreinen har medført avslag på nokre framlegg til hytteområde. I den nye kommuneplanen er det fleire gamle heiegardar, støylyar og støylysoner som ligg i LNF-sona. Fleire av desse vil no i tillegg kome inn i omsynssona for villrein i Heieplanen.

I planprosessen har ei rekke grunneigarar vendt seg til kommunen for om mogeleg å påverke heieplanstatus på eigedomane. Enkelte grunneigarar fremmar også merknader direkte til sekretariatet for regionalplanen, med framlegg om justering av plankartet. Alle innspel, private og offentlege, til heieplanarbeidet også denne høyringa er lett tilgjengelege på www.heiplanen.no

Ifølgje Heieplanen skal kommunane ved framtidig revisjon av kommuneplanen vurdere å utarbeide kommunale sti - og løypeplanar med rekkefølgjekrav til nye og eksisterande hytte- og reiselivsområde under utvikling.

Ved framtidig implementering av Heieplanen i kommuneplanen vil kommunen såleis kunne vurdere soner der ferdsle vert underlagt regulering, og at ferdsle til eksisterande støylyar m.v. kan tilpassast på ein måte som er mest mogeleg skånsam i høve villreinen.

Undervegs i heieplanprosessen har Bygland kommune hausten 2011 blitt orientert om planar for eit stort vindmølleprosjekt aust for Hovatn i Åraksheia. Meldinga frå HybridTech skisserar vindmøllepark på areal som i høyringa for Heieplanen vert skissert som NVO - "Hensynssone Nasjonalt villreinområde".

Den formelle statusen på areala Gnuldrehei-Stavtjørnhei og Reiskvæven-Rossetjørnfjelli i kommuneplanen er LNF; landbruk-, natur- og friluftsområde.

Større utbyggingsprosjekt som ikkje er tatt med i kommuneplanen vil i alle høve måtte handsamast særskilt; - som dispensasjonssaker og/eller etter eige lovverk. Dette vil mellom anna også gjelde for mogeleg vindmøllepark i austheia, som ikkje er med i kommuneplanen.

HybridTech gav orientering til kommunestyret i Bygland den 17.11.2011 om status og framdriftsplan for prosjektet, som førebels er på stadiet førehandsmelding. Saksgangen for denne typen prosjekt følger Energilova, og interessenten organiserer prosjektet med informasjon til alle relevante myndige, organisasjonar og innbyggjarar i det aktuelle området. Vindkraftanlegg er konsesjonspliktig etter energilova, og NVE er konsesjonsmyndig. Konsekvensutgreiingsprogrammet som vert fastsett av NVE, dannar grunnlag for ei fullstendig utgreiing som skal klarleggje alle verknadar frå eit vindkraftanlegg. I samband med innkomen melding, vil NVE arrangere opne høyringsmøte i kommunen. Dette kan mykje sannsynleg skje før årsskifte 2011-12.

Heile planprosessen for vindmølleprosjektet vil kunne ta 4-5 år før konsesjonsspørsmålet vert avklåra. Kommunen er høyringsinstans m.a. i høve til utgreiingsprogrammet, og vil i denne samanheng kunne framsetje krav om dei konsekvensutgreiingar som ein finn naudsynt. Evt. anke over konsesjonssaka går til OED.

I tekstdelen for heieplanen er det under kap 2.10.1 ”Hensynssone nasjonalt villreinområde” m.a. gjeve på s 16:

” ...Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan fortsette og videreutvikles innen gitte rammer.”

Vidare gjevast det i kulepunkt 4:

”Det skal ikke tillates byggevirksomhet som forringer villreinenes bruksmuligheter av disse områdene.”

Planteksta på s.17 slår fast at det er ønskeleg å ivaretake gamle støylsbygg og støylslandskap som kulturminne. Det kan søkjast om restaurering av bygg sjølv om at det ikkje lenger er aktiv landbruksdrift på egedomen. Med denne retningslina bør det kunne etablerast ein meir romsleg dispensasjonspraksis også for dei som ynskjer å bruke og halde gamle støylyar i hevd som ei form for rekreasjon utan inntektsfokus.

På side 18 i plantekstforslaget om ”kraft” gjevast det:

- *Nye eller vesentlege utvidelser av eksisterende kraftanlegg eller overførings - / kraftliner skal unngås i Nasjonalt villreinområde.*
- *Unntak kan gjøres i hensynssone Villrein og for småkraftverk og prosjekter som ikke innebærer vesentlige inngrep med innvirkning på villreinen eller øvrige verneinteresser. Dette vurderes gjennom egne konsekvensutredninger for hvert prosjekt.*

I kommuneplanen har Bygland kommune formulert følgjande i høve arealforvaltning:

Ambisjon

Langsiktig og balansert tenking skal medverke til formålstenleg og berekraftig utnytting av kommunen sine arealressursar.

Slik kjem vi dit

- Langsiktig tidsperspektiv skal ligge til grunn for all arealforvaltning
- Halde fokus på heilskapsløysingar, miljøkrav og estetikk
- Take vare på balansen mellom nærings- og bufunksjonar, biologisk mangfald, verneområde, kulturminne og friluftsiresser
- Berekraftig forvaltning til lokalsamfunnet sitt beste skal ligge til grunn for all utvikling
- Legge til rette for positiv utnytting av ressursane i natur- og verneområde, og gjennom dette fremme trivsel og helse blant fastbuande og gjestar i kommunen
- Oppretthalde lokalt forvaltningsmynde, og arbeide for at det lokale skjønet får gjelde i saker som er viktige for lokalsamfunnet

Ifølgje kommuneplanen skal ein i Bygland arbeide for at ressursane i natur- og verneområda kan bli utnytta til beste for innbyggjarane, og såleis støtte grunneigarane i arbeidet med å få til ei positiv og berekraftig forvaltning. Så langt det er råd innan desse rammene, vil kommunen gå inn for at naturressursane i utmarka kan utnyttast.

Formelt grunnlag

I punkt 6.3.3 i planframlegget - om samfunn, påvirkning og konsekvens s.57- står det i konklusjonen at det ikkje vert innført store forvaltningsmessige endringar. Under felles retningslinjer står det: *"I kommunenes vidare arealplanlegging må arealformål, plangrenser, bestemmelser og retningslinjer tilpassas i kommuneplanens arealdel, der dette ikkje allerede er gjort."*

Sjølv om Heieplanen ikkje er juridisk bindande i seg sjølv, vil den såleis legge føringar ved seinare revisjon av kommuneplanane i planområdet. Retningslinjer og omsynssoner frå Heieplanen må innarbeidast ved revidering av kommuneplanane. I den grad retningslinjene lyt formulerast som vedtekter, vert desse juridisk bindande.

I høve til vindmølleprosjektet, må det vere opning for å vurdere dette uavhengig av Heieplanen sine føringar. Ei utbygging av ein slik storleik vil uavhengig av plassering og overordna retningsgjevande planar likevel måtte underleggjast ein eigen planprosess (Energilova), med krav til eigne konsekvensutgreiingar for natur og miljø samt at tiltaket må sjåast i samanheng med samfunnsnyttan på makronivå.

Heieplanen er laga som ein regionalplan med politisk styring frå fylkeskommunane, og ei politisk samansett styringsgruppe der ordførarane har representert kommunane. I starten av prosessen vart dette trekt fram som ein føremun, og intensjonen var at planen skulle fokusere like mykje på utvikling som på vern. Kommunane uttrykte ein viss skepsis til dette. Resultatet har også stort sett blitt ein prosess kring bandlegging av areal, og ikkje så mykje meir. Det er eit stort sprik mellom intensjonane i planprogrammet og den planen som no er på høyring. Utfordringa i høve lokal næringsutvikling vert gjeven over til kommunane, men i bygdeutviklingssona legg ein til grunn at det skal vere ein positiv innfallsvinkel til nye tiltak.

Kartet og retningslinene

Slik som kartet til heieplanen ligg føre er det ingen konflikhtar med den nye kommuneplanen når det gjeld planlagde/godkjende hytteområde i Bygland. Det har vore eit overordna mål å få til eit kart som syner kvar villreininteressene skal ha ein forrang i høve bygdeutvikling, og kor villreininteressene er avklara. Bygland har ikkje eigen sti- og løypeplan, og i kartet for Bygland er det såleis ikkje noko mellomsona mellom sona for bygdeutvikling og omsynssona for villrein.

I omsynssona for Nasjonalt villreinområde (NVO) skal villreinen sine interesser tillegkast stor vekt ved all arealforvaltning og saksbehandling. Nye fritidshus vert ikkje tillate. Landbruk, næringsutvikling og friluftsliv kan halde fram og vidareutviklast innan gjevne rammer.

I omsynssona for Bygdeutvikling er villreinen sine interesser avklara ved at Heieplanen vert vedtatt og gjennomført. Gjeldande planstatus er styrande for den vidare utviklinga, inntil det ligg føre nye planar. Det er i denne utviklingssona at nye tiltak kan lokaliserast, på vilkår av at gjeldande kommuneplanar gjev høve til dette. Her vert det prioritert planar og tiltak som fremmar ei berekraftig bygdeutvikling.

Etter at heieplanen vart sendt på høyring, har det kome innspel frå fylkesmannen om at retningslinjene er endra i høyringsutkastet i høve til det som det var semje om mellom kommunane i Setesdal og fylkesmannen i Aust-Agder.

Bygland kommune står fast på dei retningslinjene som var framforhandla, men registrerer at det blir eigne retningslinjer for Aust-Agder. Bygland kommune har også støtta opp om at hytter for grunneigarane si utøving av jakt og fiske skulle bli tatt inn i retningslinene, fordi tilgang til - og bruk av - utmark er viktig for trivsel og bulyst. Dette har også med overføring av handlingsboren tradisjon å gjere.

Bruk og vedlikehald av støylyar er viktig som kulturminne og kulturlandskap, men også for landbruk og villrein. Støylsvollane er viktig som vårbeite for villrein, og slåttemark er ein prioritert naturtype - som regel med stort biologisk mangfald. Frå kommunane har ein tatt til orde for at det skal setjast inn ekstra verkemiddel for å rydde og skjømte støylsvollar som ligg i NVO, og at dette kunne vere eit tema i handlingsprogrammet.

Kunnskapsgrunnlaget

I innleiinga til kapittelet står det: "*En av de viktigste planforutsetningene er at arealbruks-disponeringer i planen skal være kunnskapsbasert*".

Som eit fagleg grunnlag er det gjennomført ei kartlegging av villreinen sin arealbruk i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS 6/2010) med tilhøyrande kart dat. 16.10.2009. Kartet som syner det potensielle biologiske leveområdet for villrein i dette området kom ut i 2009. Sjølve rapporten som forklarar vurderingane som ligg til grunn for kartet vart fyrst publisera i 2011, i underkant av to år etter kartet. Sjølv om ein har lagt bort dette kartet for å kome i hamn med prosessen, ligg det inne på villreinklienten som "leveområde for villrein."

Under punkt 6.3.2.1 Villreinen i høyringsforslaget for Heieplanen vert det vist det til "*den mest oppdaterte og relevante informasjonen for Setesdalsheiene..*" som er sluttrapporten frå GPSprosjektet -Villreinenens bruk av Setedalsheiene v. Olav Strand mfl. (NINA-rapport 694).

Det er uheldig at det vert referert til ein rapport som ikkje er publisert og ikkje tilgjengeleg for kommunane det gjeld. Sjølv om viktige hovudtrekk blir oppsummera i punkt 6.3.2.1, bør ikkje ein regional plan nytte seg av upublisera forskingsrapportar som grunnlagsmateriale.

Handlingsprogrammet

Regionalplanen peikar på fleire ting som kommunen og fylkeskommunen må gjere for å fylgje opp planen, lage fleire planar for motorferdsel, for næringsutvikling i utmark osv.

Heieplanen innfører krav om vurdering av kommunale motorferdselsplanar, samstundes som det vert lagt føringar på at dette er planar som leggjast i regionalt samarbeid og over større område. I Heieplanen skal nasjonale mål for å redusere anna bruk av motoriserte køyretøy løysast ved auking av leigekøyting. Her uttrykkjast som usikkert om leigekøyting vil føre til nemneverdig reduksjon i den motoriserte ferdsle. Om ein med dette kan få ned talet på skuterar, vil det likevel samla sett kunne føre til redusert ferdsle.

I landskapsvernområde Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har ein hatt gåande eit verdi-skapingsprosjekt som vert kalla "Frå gråberg til gull". Kommunane har gjennom dette prosjektet fått erfare kor vanskeleg det er å få til ei vellukka kommersiell utnytting av heiane, der konflikter lett oppstår mellom næringsdrivande aktørar og verneføremålet. Heieplanen dekkjer ikkje verna område.

På tross av ein noko uheldig start på planarbeidet tilrår rådmannen at kommunen sluttar seg til det framlagde høyringsutkast til Heieplan med ovannemnde merknader.

Bygland, 02.12.2011

Rådmann

Vedlegg

utrykt vedlegg Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei – Heieplanen - alle relevante dokument finnast på sekretariatet si heimeside <http://www.heiplanen.no>

utrykt vedlegg Plankart finst også på <http://www.heiplanen.no>

**Melding om vedtak sendast: Rogaland Fylkeskommune ved John Jastrej,
Regionalplanseksjonen, Postboks 130, 4001 Stavanger**